



Referat frå kommunemøte torsdag 4. november 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stades: Austevoll, Austrheim, Fitjar, Hyllestad, Høyanger, Osterøy, Vaksdal og Voss

Møteleiar: Mari Severinsen

Innhald

1. Informasjonssaker	1
2. Evalueringsprosess	2
3. Tilgang på hurtigtestar	3
4. Kommuneøkonomi	3
5. Brev frå Hdir: «Arbeidsgjevars ansvar og moglegheitsrom ovanfor tilsette som ikkje ønskjer å la seg vaksinere»	3
6. Vaksinasjon	4
7. Bruk av pensjonistar til influensavaksinasjon	4
8. Legemiddelforsyning	5
9. Nytt frå utdanningsområdet	5

1. Informasjonssaker

Nasjonale kommunelegekartlegging nr. 2

Vi takkar for svara på den nasjonale kartlegging av legemiddelfunksjonen under koronapandemien. Vi arbeider med å samanstill svara dykkar til Helsedirektoratet (Hdir). Vi vil publisere ein sak om kartlegginga i Vestland på nettsidene våre.

Rundskriv om smitteverntiltak i kommunane

Sist veke sendte Helse- og omsorgsdepartementet ut eit brev til kommunane om revidert rundskriv om smitteverntiltak. Skrivet er tenkt å særleg vere ei juridisk støtte for kommunanes arbeid med smitteverntiltak.

Rundskrivet finn de her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/caaee441fe19451a9bad3333d98a7a7a/rundskriv-i-6-2021-om-kommunale-smitteverntiltak.pdf>

E-postar til kommunane – vaksinemotstand

Vi forstår at de framleis får e-postar frå vaksinemotstandarar av ulik art. Til dømes har gruppa som kallar seg «barnevernaksjonen» sendt ut ein e-post kor dei argumenterer for at innsamling av samtykke til vaksinerings av covid-19 ikkje har blitt gjennomført i samsvar med lova, og det vert mellom anna vist til eit brev sendt til Datatilsynet. Datatilsynet har no kome med sitt svar. Her omtalar dei mellom anna at klagen er svært generell i si form, ikkje retta mot ein konkret



dataansvarleg og heller ikkje fremma av berørte aktørar eller fullmektige. Svaret frå Datatilsynet er lagt ved referatet.

Vi har ikkje andre råd å gi enn det vi har gitt på tilsvarande spørsmål tidlegare når det gjeld slike generelle e-postar; vi ville tatt det til orientering.

Telefontenesta Nasjonalt kontrollseneter for innreise er avslutta

Hdir har sendt ut brev kor dei informerer om at telefontenesta til Nasjonalt kontrollseneter for innreisande vart avslutta 31. oktober. Dette betyr at kontrollseneteret ikkje lengre vil ringe opp reisande, men berre sende SMS.

Når kontrollseneteret avviklar telefontenesta vil ikkje kommunane lengre kunne kontakte Helfo, som driftar kontrollseneteret, med spørsmål om innreise eller beredskapsregister.

Brevet frå Hdir der dette vert litt grundigare gjort greie for ligg ved referatet.

Oppdaterte forskrifter

Hdir har informert om eit par mindre forskriftsendringar:

- Ei endring i covid-19-forskriften § 6 f om unntak frå innreisekarantene for toppidrettsutøvarar og støttepersonell
- Ei endring av nemninga på covid-19 i forskrift om allmennfarlege smittsame sjukdommar
- Endringsforskrift - forskrift om endringer i covid-19-forskriften unntak fra innreisekarantene og test ved ankomst - Nobels fredspris.

Infoskriv om desse endringane er lagt ved referatet.

2. Evalueringsprosess

Vi har fått spørsmål om vi har kome noko vidare med tanke på mogleg samordning av evaluering i Vestland, og publisering av DSB og Hdir sin evalueringssmal, som vi nemnde i førre møte. Det korte svaret er nei.

Evalueringssmalen som DSB og Hdir lagar er ikkje ferdig og vi veit heller ikkje noko om når den vil kome. Malen vil vere eit tilbod om ein evalueringssmetode, men det vil ikkje vere eit krav at den skal følgjast. Men den vil kunne vere eit godt utgangspunkt for ei evaluering.

Vi vil starte å jobbe med spørsmålet om eventuell samordning av evalueringa, og tenkjer å nokre representantar frå kommunane til ein dialog om temaet. Viss nokon har innspel vert vi glade om de melder dei til sfvlberedskap@statsforvalteren.no.

Innspel kan til dømes gå på:

- Et det eit ønskjer om ei felles evalueringssprosess eller kanskje berre at deler av evalueringa skal vere felles?
- Er det deler av evalueringa de tenkjer er greitt å gjere likt/i fellesskap i fylket (t.d. vurdering av samhandling og kommunikasjon mellom aktørane i fylket)?
- Er det eit ønskje om å gjennomføre regionale samlingar der ein får diskutert felles problemstillingar på tvers av kommunegrensar?

Kommunane vil uansett måtte evaluere handteringa etter ei så stor hending og det kan allereie no, sjølv om pandemien og konsekvensane ikkje er ferdig, vere føremålstenleg å sjå på kva ein ønskjer å



evaluere og byrje med ei informasjonsinnsamling. Det er samstundes viktig å understreke at det viktigaste med å evaluere ei slik hending ikkje er sjølve evalueringa, men at ein følgjer opp læringspunkt i etterkant.

3. Tilgang på hurtigtestar

Hdir jobbar med eit oppdrag kor dei skal kome med ei berekning av kor mange hurtigtestar ein bør bestille inn nasjonalt. Denne skal leverast til departementet på fredag som så vil ta ei avgjerd og bestille inn fleire testar.

Det er per i dag rundt 4 millionar testar ute i kommunane og 3 millionar på nasjonalt beredskapslager.

Det har vore nokre utbrot den siste tida som gitt eit stort behov for testar. Vi oppmodar om at de held fram å låne på tvers av kommunane, slik vi har sett ved fleir høve at de har gjort allereie. Viss de har behov for vår hjelp til å skaffe testar så er det berre å ta kontakt. Vi kan ved behov òg bestille inn testar frå det nasjonale lageret.

Når det gjeld bruk av hurtigtestar er det viktig å bruke dei etter gjeldande strategi. Samstundes er det viktig at ein bruker det der det er nødvendig, og ikkje held igjen grunna ein frykt for manglande tilgang.

4. Kommuneøkonomi

Mange kommunar har bedt oss om å bidra til ei avklaring av om staten vil halde fram ordninga med å gi kompensasjon for utgifter inn i 2022. Vi forstår at de er viktig å få ei avklaring, og har difor tatt det opp både med Helsedirektoratet og Kommunal- og moderniserings departementet. Vi håpar på ei rask avklaring.

Når det gjeld fordelinga mellom fylka for dei ekstraordinære midlane for andre halvår i 2021, har vi enda ikkje fått denne. Vi har laga ei samla oppstilling på bakgrunn av svara frå kommunane på kartlegginga av meirutgifter til arbeid med covid-19. Kommunane i Vestland seier at dei frå 1. juli til og med 31. oktober har hatt over 400 millionar kroner i meirutgifter, og har stipulert at dei vil få over 140 millionar i utgifter ut året. Vi ventar no på at departementet skal fylkesvis fordele ei nasjonal skjønnsramme på 1,5 mrd. kroner. Når det er gjort vil vi fordele mellom våre kommunar for utbetaling i desember.

5. Brev frå Hdir: «Arbeidsgjevars ansvar og moglegheitsrom ovanfor tilsette som ikkje ønskjer å la seg vaksinere»

Vi har fått spørsmål om brevet frå Hdir òg gjeld tilsette *utanfor* helse- og omsorgstenestene, då det t.d. er mange assistentar og lærarar jobbar like tett på sårbare born som det helsepersonell gjer.

Vaksinering er frivillig og kan ikkje påleggjast, og difor kan det vere aktuelt med andre kontrolltiltak for uvaksinerte i særskilde høve, som t.d. bruk av ekstra beskyttelsesutstyr.



Brevet er skriva av Hdir og Arbeidstilsynet i lag, og gjeld i det store og heile for alle arbeidsforhold jf. arbeidsmiljølova kap. 9 om kontrolltiltak i verksemda. Ein skilnad er at helsepersonell i tillegg har forsvarlegkravet etter helselovgivinga å halde seg til.

Kontrolltiltak etter AML kap. 9, som gjeld alle tilsette, legg til grunn at tiltak må ha sakleg grunn i forhold ved verksemda (type arbeid). Dei må ikkje vere uforholdsmessige/for inngripande. Tiltak skal òg på førehand drøftast med tillitsvalde, etter ei kartlegging og risikovurdering saman med dei. Medisinske undersøkingar, som hurtigtesting, kan t.d. gjerast ved stillingar som inneber særleg risiko, eller når arbeidsgjevar finn det nødvendig for å verne liv eller helse hos arbeidstakar sjølv, andre arbeidstakarar eller tredjepartar (pasientar, elevar mv.). Omplassering av arbeidstakarar, eller endring av arbeidsoppgåver, kan i nokre høve vere nødvendig etter ei konkret vurdering, og kan vere mogleg i kraft av styringsretten.

Meir informasjon om tema kan de lese på arbeidstilsynet.no:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/biologiske-faktorer/coronavirus-tiltak-i-arbeidslivet-mot-smitte/kan-arbeidsgiver-sporre-om-arbeidstaker-er-vaksinert/>

6. Vaksinasjon

Fredag førre veke kom informasjonsbrev nr. 33 frå FHI, vi viser til det i sin heilskap.

For born 12-15 er det framleis berre éin dose som er tilrådd. Det vil gjerast ny vurdering seinare. 12-15-åringar reknast som delvaksinerte etter éin dose, sjølv om det berre er tilråding om ein.

Intervall på minst ei veke mellom influensa- og koronavaksine er ei tilråding, og ikkje eit absolutt forbod mot kortare intervall. Viss sterke individuelle omsyn talar for samvaksinering, så er det ikkje noko som tydar på negative effektar for vaksinanden men det blir vanskeleg å skilje biverknader.

Når det gjeld intervall mellom dose to og oppfriskingsdose/boosterdose til dei over 65 og sjukeheimsbebuarar, tilrår FHI minst seks månader mellom dosane. Det er i større grad ei tilråding basert på at det ikkje er nødvendig med kortare intervall av immunologiske omsyn. For dei som har gjennomgått covid-19 minst tre veker etter at dei er fullvaksinert med to doser, erstattar infeksjonen behovet for oppfriskingsdose.

Når kommunar bestiller vaksinar no, er det **tal hetteglas som skal i skjemaet, ikkje tal dosar**.

Tysdag denne veka sa FHI at boosterdose til 65+ og sjukeheimsbebuarar er viktig, spesielt til dei over 75 år. Det er aukande tal innleggingar i øvre aldersgrupper. Det er difor viktig at kommunane er på og gir eit aktivt tilbod til desse gruppene. På tysdag var det 20% av 65+ som hadde fått boosterdose. Det er ingen mangel på vaksiner. FHI forstår at det inneber ei meirbelastning, sidan kommunane òg samstundes held på med influensavaksinering.

FHI sa samstundes at det er lite bestillingar av pneumokokkvaksine, men at det likevel er viktigare med boosterdose mot covid-19.

7. Bruk av pensjonistar til influensavaksinasjon

Hdir har fått spørsmål om ein kan nytte pensjonistar til å delta i influensavaksinasjon utan at dei får trekk i pensjon. Arbeids- og sosialdepartementet (ASD) har gitt eit svar til Hdir om at det per i dag



ikkje er mogleg. Hdir har 2. november bedt ASD revurdere vurderinga ettersom influensavaksinering er ein viktig del av strategien for handtering av pandemien, men har ikkje fått ei tilbakemelding på dette enno.

Her er svaret ASD gav til Hdir, som Hdir har bedt dei revurdere:

Den midlertidige unntaksbestemmelsen i lov om Statens pensjonskasse § 26 sjette ledd, forstås slik at det bare er inntekt som stammer fra arbeid i helsevesenet forbindelse med pandemien, som er unntatt fra den inntektsprøvingen som ellers skal skje av alderspensjonen. Formålet med unntaksregelen var å bidra til å dekke opp for ekstra bemannings-behovet i helsesektoren i pandemien. Det å ta tjeneste i helsesektoren for å bidra med å sette vaksiner mot årets/vinterens influensa, vil ligge utenfor dette formålet, slik at slikt arbeid ikke faller inn under unntaksregelen. Et alternativ til å ansette pensjonisten på vanlige vilkår, er å engasjere på pensjonistvilkår. I disse tilfellene skjer det ingen inntektsprøving av alderspensjonen, og pensjonistlønnen kommer på toppen av en ureduert pensjon.

8. Legemiddelforsyning

I samband med vekerapporteringa har vi fått tilbakemelding frå ein kommune om ekstraarbeid eller utfordringar på grunn av legemiddelmangel. Vi har ikkje informasjon som tilseier at det har blitt ein vanskelegare situasjon når det gjeld legemiddelforsyning i pandemitida. Dersom nokon skulle ha merka ei endring, er det fint om de vil gi oss ei tilbakemelding om det.

9. Nytt frå utdanningsområdet

Smittevernrettleiarane for skule og barnehage er oppdatert

Oppdateringane gjeld i all hovudsak å rette opp innhaldet til gjeldande juss og regelverk. Dersom kommunane er i ein situasjon der det er nødvendig å innføre kontaktreduserande tiltak, så kan trafikklysmodellen takast i bruk som del av beredskapsarbeidet. I så fall så må det vere fatta vedtak med heimel i smittevernlova.

Fråværsgrense

Mange har etterspurd ei fjerning av fråværsgrensa ettersom kravet om oppmøte fører til stort trykk på fastlegetenestene, og at ein risikerer at sjuke elevar drar på skulen.

Vi var i kontakt med Udir både i går kveld og like før møtet. Vi har formidla og konkretisert korleis fråværsgrensa fører til eller potensielt fører til, at kommunal helseteneste blir overbelasta, og at det både er erfart og er uro for om den fører til at elevar går på skulen sjølv om dei har symptom/er sjuke.